

Sak 19-26 REGIONALT SAMARBEID I HALLINGDAL**Bakgrunn:**

I Regionrådet har me dei siste åra, i marsmøte sett fokus på samarbeidet i regionen. Korleis har me det saman, korleis samarbeider me, kva styrker og moglegheiter har me i samarbeidet vårt og kva er det som ikkje er så bra eller som trugar samarbeidet.

I mars 2025, for eit år sidan vart temaet drøfta og då konkluderte me slik:

- Me må ha forståing for at ikkje alle kommunar blir med på alle samarbeidstiltak fordi det er forskjellar i prioritering og økonomi
- Me må veraause med kvarandre. Ein kan vera raus på mange måtar. Oppmuntre, ha omtanke for sjå litt stort på det, hjelpe til i ei vanskeleg tid
- Samarbeid er viktig for å utvikle Hallingdal vidare og for å utvikle kvar kommune vidare
- Me må hjelpe kvarandre med å ha trua på at det me gjer, gjer me til beste for Hallingdal
- Folk utanfor dalen ser framleis på Hallingdal som ein «mønsterregion» Det skal dei fortsette med
- Me må tole å ta diskusjonar intern i regionen. Det skal vere rom for å seie ifrå og til å diskutere dei vanskelege sakene i fredstid.

Samarbeid har også vore tema på leiarsamlinga i september og på Hallingtinget i oktober. Her lærte me mellom anna om:

Venleg friksjon:

Å stille spørsmål og utfordre kvarandre på ein respektfull måte utan at det blir oppfatta som kritikk.

Kritiske kvalitetsaugeblikk:

Augneblink der ein vel å seie ifrå eller la vere – viktige for utviklinga av ei trygg leiargruppe.

Tryggleik og relasjonar:

Kunnskap om kvarandre skaper tryggleik og rom for ærlege samtalar. Utan tryggleik skjer samtalanene «på gangen».

Massasje - ikkje kirurgi:

Ved utfordringar bør ein finne løysingar tidleg, før eskalering, konflikt eller bruk av advokatar.

Småstegforbetringar:

Anerkjenn små framsteg - det gir energi og framdrift.

På Hallingtinget har me to år på rad gjennomført distriktssenteret sin samarbeidstest for å få ein peikepinn på korleis det står til med det regionale samarbeidet. Ein skulle og sette ein score på spørsmåla med score 1 om ein er heilt er heilt ueinig, 2 er i stor grad ueinig osv. opp til score 6 som er heilt einig. Her er spørsmåla som vart drøfta:

1. Det regionale samarbeid er prega av god tillit mellom dei sentrale aktørane
2. Leiarane i Hallingdal har evne og vilje til å utnytte potensialet i hele regionen
3. Det regionale samarbeidet er godt nok forankra
4. Me er alle einige om dei felles utfordringane som ligg til grunn for samarbeidet
5. Partane i samarbeidet har same målforståing
6. Alle dei viktige aktørane er med i det regionale samarbeidet
7. Det regionale samarbeidet har lukkast med å få fram nytten for næringslivet
8. Me er dyktige på å følge opp regionale planar
9. I samarbeidet er me gode til raskt å utnytte dei moglegheitene som dukkar opp
10. Vårt regionale samarbeid er driven av begeistring og entusiasme

Her er svar pr. gruppe og totalscore i 2024

	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	totalt
Hol	4,5	4	5	3	5	5	4	5	6	5	46,5
Ål	4	5	5	4	5	6	4	4	6	5	48
Gol	4	4	5	5	4	6	4	5	5	4	46
Hemsedal	4	4	5	5	4	3	4	3	5	4	41
Nesbyen	3	2	4	3	2	5	3	2	5	2	31
Flå	6	3	3,5	6	3	6	5	3,5	4	3	43
tot	25,5	22	27,5	26	23	31	24	22,5	31	23	255,5
Snitt	4,3	3,7	4,6	4,3	3,8	5,2	4,0	3,8	5,2	3,8	42,6

Her er svar pr. gruppe og totalscore i 2025

	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	totalt
Hol	5	4,5	5	5	5	5	4	4,5	5	5	48
Ål	4	4	5	5	5	5	4	4	5	5	46
Gol	5	4	5	5	4	5	5	5	5	5	48
Hemsedal	5	4	3	5	5	4	5	3	6	4	44
Nesbyen	2	2	4	3	5	5	3	3	5	4	36
Flå	5	4	4	5	5	5	5	4	5	4	46
tot	26	22,5	26	28	29	29	26	23,5	31	27	268
Snitt	4,3	3,8	4,3	4,7	4,8	4,8	4,3	3,9	5,2	4,5	44,7

Dette er ein uformell test, som gir nokre tendensar og eit grunnlag som kan jobbast vidare med.

Det er også ein totalt sett forbetring frå året før spesielt på:

Spørsmål 5: Partane i samarbeidet har same målforståing – frå 3,8 til 4,8

Spørsmål 10. Vårt regionale samarbeid er driven av begeistring og entusiasme frå 3,8 til 4-5

Liten tilbakegang på:

Spørsmål 3: Det regionale samarbeidet er godt nok forankra – frå 4,6 til 4,3

Spørsmål 6. Alle dei viktige aktørane er med i det regionale samarbeidet – frå 5,2 til 4,8

Og det er svakast score på

Spørsmål 2. Leiarane i Hallingdal har evne og vilje til å utnytte potensialet i hele regionen – 3,8

Spørsmål 8. Me er dyktige på å følge opp regionale planar – 3,9

OPPGÅVE I MØTE

Korleis me jobbar vidare med regionalt samarbeid

ALLE Førebud svar på fylgjande spørsmål: Kva synes du.....:

1. Fungerer godt i det regionale samarbeidet - Kva skal me gjere meir av?
2. Kan bli betre i det regionale samarbeidet – Kva skal me endre?
3. Fungerer dårleg i det regionale samarbeidet - Kva bør me slutte med eller gjere mindre av

Me deler oss i starten slik at ordførarane sit samla og kommunedirektørar sit samla. Drøfting i gruppene.

Deretter samling i plenum med presentasjonar/vidare drøftingar.

Mål:

Prøve å koma med eit svar på om det verkar positivt på det regionale samarbeidet å fokusere på samarbeid. Få fram handfaste konklusjonar om kva veg me ønskjer å utvikla oss når det gjeld heile det regionale samarbeidet – både i Regionrådet, internt dei ulike leiarnettverka og mellom politikk og administrasjon

Hallingdal, 15. mars 2026

Jan Olav Helling
 Dagleg leiar